

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på

T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar ein kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293
(merk: trusopplæring)

T-dag for
femåringen

Invitasjon til

T₅-dag

Jolekrubbeverkstad

Granvin kyrkje

laurdag 22.nov.

kl. 13:30-15:30

Gudsteneste for alle

søndag kl. 11:00

T₅

Velkomen

til jolekrubbeverkstad, til deg som er 5 år (fødd i 2020).

Gler du deg til jol? Er ventetida lang? Har du lyst å lage ei jolekrubbe som du kan leika med, og gjera ventetida litt kortare?

Då må du koma til Granvin kyrkje laurdag 22. nov., kl. 13:30.

Dagen etter, søndag 23. nov. kl 11:00, er de òg inviterte til Gudsteneste for alle, der 5-åringane får vist fram den flotte jolekrybba dei har laga.

Dei som er 4 år får kvar sin barnebibel. 3-åringane er også inviterte. De kan vera med på ei eller begge samlingane, alt etter kva som høver.



Praktisk info

5-åringen er invitert saman med ein eller to vaksne; foreldre, besteforeldre, fadrar, tante, onkel....(Det må vera minst ein vaksen pr. born).

5-åringen skal få laga si eiga jolekrybbe, saman med den/dei vaksne som er med. Krubba skal de få ta med heim og bruka i adventstida!

Gudstenesta søndag kl. 11:00 i Granvin kyrkje er open for alle.

Gje beskjed

- om barnet treng særskild tilrettelegging eller har matallergi
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått denne invitasjonen
- om det er greitt at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, kyrkjenytt e.l.

Påmelding

innan torsdag 20. november
(namn og om me får lov å publisere bilete)
til Camilla Velsvik:
995 18 194